

Saksbehandlar: Jon Tvilde
Sak nr.: 20/9380-25

Frivilligpolitisk plattform - endeleg handsaming

Rådmannen rår komité for samfunnsutvikling til å gje slik tilråding til kommunestyret om å gjera slikt vedtak:

1. Kommunestyret vedtek frivilligpolitisk plattform slik den ligg føre i saka. Plattformen gjev rammer for samarbeidet med frivillig sektor.
2. Årleg og på bakgrunn av innspel frå lag og organisasjonar skal det utarbeidast eit framlegg til tiltaksplan for frivillig sektor. Tiltaksplanen skal handsamast som ein del av økonomiplanen, og med tiltak for komande budsjettår.
3. Kommunestyret ber rådmannen følgje opp tiltaksplanen for perioden 2021 – 2023, og at økonomiske konsekvensar vert innarbeida i økonomiplan og budsjett.

Kommunestyret ber rådmannen leggje fram eigne saker om desse tiltaka:

- a. etablering av frivilligsentral i Balestrand
- b. etablering av ulike digitale plattformer retta mot frivillig sektor
- c. sak om retningslinjer for lån og leige av kommunale lokale til lag, organisasjonar og eigenorganisert aktivitet. Saka skal særskilt vurdere om bruk av kommunale bygg til organisasjonsarbeid skal vera gratis, og omhandle særskilde vilkår for Sogndal kulturhus og Sognahallen
- d. utgreie ev. tilbod om felles forsikringsordning for sjøveigde lagsdrivne hus
- e. utgreie ei ev. eige stønadsordning for kor og korps som kjøper dirigentteneste gjennom Sogn kulturskule

Når det gjeld punktet om opplæring i søknadsskriving, er dette lona gjennomført.

Vedlegg:

1. Utvalet sitt framlegg til tiltaksplan med framlegg for 2021
2. Utvalet sitt framlegg til frivillig politisk plattform
3. Oversyn innkomne uttalar med merknader frå utvalet
4. Høyringsutkast frivilligpolitisk plattform

SAKSFRAMSTILLING

1. Samandrag

Saka omhandlar fastsetjing av ein frivilligpolitisk plattform der rammene får samarbeid med frivillig sektor vert fastsett. Plattformen skal vera eit relevant og levande dokument. Den skal reviderast kvart fjerde år, seinast 6 månader etter at nytt kommunestyre har konstituert seg.

Eit sentralt punkt i plattformen er tiltaksplanen. Den skal oppdaterast årleg etter at lag og organisasjonar har kome med innspel til komande økonomiplan og budsjett.

Framlegg til plattform har vore ute på høyring. Det kom inn 18 uttalar til høyringsutkastet. Desse vert gjennomgått i saka. Langt på veg har utvalet som har stått for arbeidet, innarbeidd innkomne merknader i endeleg framlegg til plattform. Alle 18 innspel med utvalet sin merknader følgjer saka (vedlegg 3).

Nokre punkt skal det arbeidast vidare med, og der rådmannen kjem tilbake med desse i eigne saker. Desse er omtalt i framlegg til vedtak.

2. Bakgrunn for saka

2.1 Mandat

Kommunestyret vedtok 19.12.2019 i sak 64/19 – «Budsjett 2020 og økonomiplan 2020-2023» følgjande utgreiing (pkt. 6c):

«Sogndal kommune skal, saman med frivillige lag, organisasjonar, frivilligsentralane og andre innehalde mål, strategiar og tiltak for korleis kommunen kan legge best mogeleg til rette for frivillig arbeid, og korleis kommune og frivilligheit vil samhandle framover.

Plattformen skal i tillegg:

- *Inneheld kriterium for økonomiske støtteordningar*
- *Ivareta særprega i dei ulike delane av kommunen*
- *Vurdere kopling til andre kommunale planar, som t.d. Plan for nærings- og samfunnsutvikling»*

2.2 Utval og arbeid med plattformar.

På bakgrunn av kommunestyret sitt vedtak valde komité for samfunnsutvikling i møte 21.01.2020, sak: 5/20, eit utval med 3 politikarar til å stå for arbeidet:

«For å utarbeide ein frivillig politisk plattform set komité for samfunnsutvikling ned eit utval med slik samansetjing: Tore Feten, Eivind Dahl, Laila Njøs Eikeland.»

Det politiske utvalet har gjennomført ein omfattande og grundig prosess over lang tid. Utvalet har lagt til rette for involvering og innspel i fleire etappar. 15. juni 2020 gjennomførte utvalet eit innleiande møte med leiarane i råda. Her vart desse spørsmåla reist:

- *Korleis kan me få ei oversikt over kven som styrer dei ulike laga og organisasjonane? Dette vil også vera ei utfordring når me ber om innspel til frivilligpolitisk plattform.*
- *Er det rimeleg å stilla krav om at lag og organisasjonar som søker kulturmidlar, opprettar nøytrale epostadresser som tilhøyrer laget og ikkje leiaren?*
- *Er det rimeleg å stilla krav om at lag og organisasjonar som søker kulturmidlar, opplyser om sine aktivitetar i ein felles aktivitetskalender?*

På bakgrunn av innspel i junimøtet utarbeidde utvalet eit *første utkast* til frivilligpolitisk plattform. Utkastet vart sendt råda for innspel. På bakgrunn av denne innspelsrunden utarbeidde utvalet eit endeleg høyringsutkast. Utkastet følgjer som vedlegg 4.

2.3 Høyring - innkomne merknader

Utkastet til frivilligpolitisk plattform vart sendt på høyring 22. oktober. Uttalefrist var 20. november. Det kom inn 18 uttalar. Alle desse er referert i vedlegg 3. I dette vedlegget kjem òg utvalet sine kommentarar fram.

Utvalet fremja deretter ei førebels sak til komité for samfunnsutvikling 1. desember, sak 32/2020. Komiteen gjorde slikt vedtak:

«Komité for samfunnsutvikling har gått gjennom framlegg til Frivilligpolitisk plattform slik denne er lagt fram frå utvalet som fekk mandat til å utarbeide forslag til slik plattform.

Komité for samfunnsutvikling sluttar seg til hovudtrekka i plattformene. Før saka vert fremma til endeleg handsaming vil komiteen komme med følgjande innspel som komiteen ber vert vurdert og ev. Innarbeida i Frivilligpolitisk plattform:

- *Frivilligsentral i Balestrand må innarbeidast i budsjettet.*
- *Få inn eit punkt om korleis me kan stimulere til eigenorganisert aktivitet.*
- *Må sjå på punktet om gratis bruk av kommunale hus. Det må lagast eit fleksibelt system som tek høgde for at me har mange ulike bygg og ulike organisasjonar. Erstatte punktet i utkastet med «Kommunen skal utarbeide retningsliner for lån og leige av skular og andre kommunale lokale til frivillige organisasjonar og eigenorganisert aktivitet.*

I tiltaksplanen står det nemnt nokre digitale flater. Her må ein ha ein prosess og kommunikasjon med råda, dersom alle skal nytte dei same systema. Dette har også eit kostnadsperspektiv»

2.4 Nærare om den frivillig politiske plattformar

Den frivilligpolitiske plattformar er eit viktig dokument som legg rammer for samarbeid mellom lag og organisasjonar og kommunen. Sentrale avsnitt i plattformar er

- mål for samarbeid med lag og organisasjonar, inkludert eit avsnitt om involvering og forankring i politiske prosessar
- eit avsnitt der organisasjonane si rolle og rammevilkår vert gjennomgått
- omtale av frivilligsentralane

- til sist har plattformene fire vedlegg, tiltaksplan for for 2021–2023, ti bud om frivillighet, fire mål for frivillig arbeid og retningslinjer for tildeling av kulturmidlar. Det siste, nye retningslinjer for kulturmidlar, er omtalt i eige sak til dette møtet.

Tiltaksplanen som følgjer plattformene, vedlegg 1, er eit sjølvstendig dokument med konkrete tiltak. Tiltaka er tufta på prinsippa i denne plattformene.

3. Vurderingar og konsekvensar

3.1 Tiltaksplanen

Rådmannen merkar seg at det i all hovudsak er semje om punkta i tiltaksplanen. Fleire av tiltaka vil rådmannen koma attende til i eigne saker. Nokre av tiltak vil krevje nye vedtak og at desse ev. vert innarbeidd i økonomiplan og budsjett.

Rådmannen sine merknader til tiltaksplanen følgjer som strekpunkt.

8.1 Tiltaksplan for perioden 2021–2023

- *Det skal etablerast frivilligsentral i Balestrand.*
 - vart utsett i budsjetthandsaminga i desember. Rådmannen ser det som viktig at det er frivilligsentralar i alle deler av kommunen, og kjem attende med eige sak.
- *Mellom frivilligsentralane og leiarar for tenesteområda skal det etablerast eit fast årleg møtepunkt. Her skal eksisterande samarbeid vurderast, og eventuelt nye samarbeidsområde gjennomgåast.*
 - tiltaket er greitt å gjennomføre og vil skje i regi av frivilligsentralane, og som ein del av deira ordinære aktivitet.
- *Dei kommunale råda og frivillig sektor skal delta ved utarbeiding og revidering av kommunale planar og handsaming av større saker*
 - slik praksis er allereie etablert.
- *Det skal årleg gjevast eit tilbod i form av kurs/opplæring/assistanse i søknadsskriving. Tilbodet går til lag og organisasjonar og skal gjennomførast dels som digital opplæring, dels som fysiske møte i kvar av dei tre tettstadane.*
 - tiltaket er planlagt gjennomført i 2021. Erfaringar frå årets gjennomføring bør avgjere om opplæringa skal vera eit årleg tiltak.
- *Det skal etablerast ein felles frivillig portal med oversikt over lag og foreiningar. Portalen skal også innehalda felles informasjon om frivillig arbeid i kommunen og oversikt over utstyr til utlån.*
 - vert omtalt nedanfor under punktet digitale plattformer.
- *Kommunen skal ha som prinsipp at bruk av kommunale bygg til organisasjonsarbeid skal vera gratis. Dette gjeld ikkje Sogndal kulturhus og Sognahallen, der driftsmodellen byggjer på brukarbetaling.*
 - dette kjem rådmannen tilbake til i eige sak, og med framlegg om retningslinjer. Punktet vert nærare omtalt nedanfor.
- *Det skal i perioden etablerast digitale plattformer som Aktiv kommune, Friskus, Tilskotsportalen og eventuelt andre digitale plattformer.*
 - vert omtalt nedanfor.

Det politisk nedsette utvalet frå komité for samfunnsutvikling tilrår at desse tiltaka vert gjennomførte i 2021:

- *etablering av frivilligsentral i Balestrand*
- *etablering av Tilskotsportalen, Aktiv kommune, Friskus, aktivitetsskalender og andre digitale plattformer, med oversyn over mellom anna lag og organisasjonar*
- *gjennomføring av kurs/opplæring/assistanse i søknadsskriving*

- *utarbeiding av retningslinjer for lån og leige av skular og andre kommunale lokale til frivillige organisasjonar og eigenorganisert aktivitet*
- *utgreiing av felles forsikringsordning for sjølveigde hus*
- *utgreiing av stønadsordning for kor og korps som leiger dirigentteneste gjennom Sogn kulturskule*

Rådmannen vil følgje opp desse punkta som gjeld 2021, slik det går fram av framlegg til vedtak.

3.2 Nærare om inkomne merknader

Eit viktig prinsipp i plattformen er gjensidig respekt og samarbeid mellom lag/organisasjonar og kommunen. Dette prinsippet i denne saka vil tyde at merknader og innspel til plattformen vert handsama på ein god og forsvarleg måte. Rådmannen meiner at utvalet har gjort akkurat dette, med ein omfattande og grundig jobb.

I det følgjande vert det gitt nokre kommentarar til merknader og innspel, som ikkje er kommentert så langt.

3.2.1 Språkrøkt

Fleire har kommentarar at språket i høyringsutkastet var tungt. Dette er det teke omsyn til. For den endelege versjonen av plattformen er det gjennomført språkrøkt av ein profesjonell utanom organisasjonen.

3.2.2 Framlegg om at samarbeid og kontakt ikkje er berre digital

Fleire uttalar peikar på at ikkje all informasjon og kontakt med frivillig sektor må vera digital. Dei som ikkje er på digitale plattformer, må få informasjon på lik linje med andre. Nokre treng òg hjelp til å meistre den digitale kvardagen.

Rådmannen vil syte for at dei som arbeider med digital strategi, vurderer korleis kommunen best når dei som ikkje er digitale. Rådmannen legg til grunn at i dei årlege møta med frivillig sektor vert gjennomført som fysiske møte, med minst eitt møte i kvar av dei gamle kommunane, Sogndal, Leikanger og Balestrand.

3.2.3 Frivillig koordinator

Interimstyret for «Venner av Balestrand» meiner at det må opprettast ei stilling som koordinator som frivillige kan ha som fast kontakt inn til det kommunale apparatet, og at denne koordinatoren er den som har kontakt frå kommunen til dei frivillige.

Av omsyn til knappe budsjetttrammer har rådmannen denne hausten redusert talet stillingar i den sentrale kultureininga frå tre til to stillingar. Rådgjevar retta mot frivillig sektor er slått saman med rådgjevar for idrett og friluftsliv. Dette gjev mindre administrativ kapasitet. Av den grunn nå noko av koordineringa mot frivillig sektor leggjast til frivilligsentralane, som har årlege kontaktmøte med frivillig sektor.

3.2.4 Tungvint å gje uttale

Det er kome fleire innspel på at det å gje uttale er tungvint. Det digitale dokumentet på heimesida var ikkje tilpassa formålet, og den som gav uttale måtte gje opp personnummer.

Rådmannen syner til kommunen sin digitale strategi. Rådmannen vil syte for at kommunen har eit system for innspel og involvering, der digitale skjema er tilpassa formålet. Digdir har òg eit eige nasjonalt utviklingsprosjekt om «[samanhengande tenester](#)», der eitt fokusområde er at det skal vera enklare å starte- og drive ein frivillig organisasjon. Her bør kommunen hente erfaringar.

3.3.4 Koordinerande faktor - årshjul

Balestrand pensjonistlag understrekar verdien av ein koordinerande «faktor» og eit årshjul.

Rådmannen meiner at føreseielege prosessar med samhandlingsmøte, og gode rammer for innspelsprosessar no vert tidsbestemte og ryddige.

3.3.5 Om gratis bruk av kommunale hus.

I tiltaksplanen i høyringsutkastet var dette punktet formulert slik:

- *Kommunen skal ha som prinsipp at bruk av kommunale bygg til organisasjonsarbeid skal vera gratis.*

Når utvalet fremja dette punktet, meinte dei at dette skulle gjelda skular og andre kommunale bygg. Vidare heiter det i lov om vaksenopplæring §7, at lokale til vaksenopplæring skal etter søknad stillast til rådvelde utan kostnad. Innkomne merknader syner likevel at denne saka er samansett.

Tilhøve som Sogndal kulturhus AS og Sognahallen AS

Aage Engesæter er kommunevald styreleiar i Sogndal kulturhus A/S og Sognahallen A/S. Engesæter har ein grundig uttale om punktet. Hans uttale syner at dette er ei samansett problemstilling:

- For kulturhuset er leigeinntekter ein sentral del av kulturhusdrifta. Skulle bruk av huset for lokale lag vera gratis, vil dette gje tapte inntekter, men også bandleggja lokala slik at det vil gå ut over kultur- og kinotilbodet og anna kulturverksemd. Engesæter tek difor til orde for ein utleigepolitikk for kulturhuset som tek omsyn både til den kommunale kulturhus økonomien, og til dei frivillige organisasjonane sine behov.
- For Sognahallen A/S er problemstillingane litt annleis. Selskapet har kommunen som majoritetseigar. Slik er dette i realiteten eit kommunalt eigd bygg, der det truleg er tenkt at prinsippet om bruk av kommunale bygg til organisasjonsarbeid skal vera gratis. Engesæter skriv at prinsippet var at hallen skulle driftast av faste utleigeavtalar og brukarbetaling. Denne modellen har resultert i at Sogndal har fått hallfasilitetar som få andre kommunar. No byggjer selskapet ny idrettshall, med sportsgolv høvande for handball og andre innandørsidrettar, og eit utvida klatreanlegg. Dette er finansiert på same måten som den opphavlege Sognahallen, gjennom utleige og brukarbetaling. Engesæter skriv m.a. :
«Frå min synsstad har dette vore ein god modell for utvikling og drift av idrettsanlegg. Det har kosta kommunen lite, og ein har fått eit godt tilbod. Det har også stimulert organisasjonar til å skaffa seg eigeninntekter brukt til å finansiera husleige, t.d. gjennom arrangement i hallen.»

Rådmannen legg til grunn at frå budsjettåret 2022 skal det vera vedteke retningslinjer for lån og leige av skular og andre kommunale lokale, til frivillige organisasjonar og eigenorganisert aktivitet. Rådmannen legg til grunn at desse retningslinjene må innarbeide- og vidareføre noverande driftsmodell for kulturhuset og Sognahallen.

3.3.6 Om å ta heile kommunen i bruk- og der særprega ulike stader vert ivareteke

Eldrerådet føreslår at plattformen

«bør definere ein strategi for korleis særpreget i dei ulike deler/ bygdelaga/ sentrum i kommunen, innanfor ein samla kommunal strategi, best kan utnyttast til å utvikle effektive, likeverdige, trivelege og trygge lokalsamfunn.»

Eldrerådet seier og at kvar del/bygdelag/sentrumsområde, bør oppmuntrast til å etablere eitt eller anna fellesorgan som kan opptre samordnande, og ta på seg større oppgåver for den aktuelle delen av kommunen.

Utvalet vurderer det slik at desse utfordringane fell inn under samfunnsutviklaren sitt ansvarsområde. Rådmannen stør denne vurderinga, og ber samfunnsutviklaren og andre relevante aktørar følgje opp korleis særpreget i ulike delar av kommunen best kan nyttast, og der ev. fleire fellesorgan kan etablerast.

3.3.7 Samarbeid om drift av fellesareal, leikeplassar og nærmiljø generelt.

Røysaleite grendalag saknar ei formulering om at kommunen vil samarbeide med grendalag og velforeiningar om drift og utvikling av fellesareal, leikeplassar og nærmiljø generelt:

I Tiltaksplan for perioden 2021 - 2023 bør det komme eit tiltak som opnar for at kommunen kan stille maskinhjelp, personell eller materiell (TD. sandkassesand) til disposisjon i samband med opprusting, vedlikehaldsprosjekt eller ordinær drift på fellesområde forvalta av grendalag/velforeiningar. Utover dette stiller me oss positive i tiltaksplanen.

Utvalet meiner dette framlegget må takast vidare andre stader enn i oppfølginga av denne plattformen. Framlegget vert sendt kommunalteknikk for vurdering.

3.3.8 Omtale av studentar.

Velferdstinget Vest ynskjer at studentar vert gitt ein aktiv plass i plattformen og at den anerkjenner den ressursen som ligg i ein aktiv studentfrivillighet.

Rådmannen har merka seg at det kan vera aktuelt å utarbeide ei eige studentmelding. Då vil det vera naturleg å vurdere studentaktivitet nærare.

3.3.9 Om ulike digitale plattformer

Tiltaksplanen gjer framlegg om at det skal etablerast fleire digitale plattformer. Her kjem ein kort presentasjon av ulike aktuelle digitale plattformer og digitale tenester, før rådmannen gjev ei kort vurdering

Tilskotsportalen

Tilskotsportalen gjev eit oversyn over alle tilskotsordningar som er retta mot norske lag og organisasjonar. Informasjon om tilskota vert oppdatert automatisk og brukarane kan få fleire idear til finansiering. Tilskotsportalen er allereie open og klar for bruk.

Aktiv kommune

Er ei digital teneste for leige av lokale, anlegg og utstyr. I utgangspunktet er denne portalen retta mot kommunale lokale, men det skal la seg gjera å ta inn dei ulike sjølvleidde lags-/bygdahus i portalen.

Via aktiv kommune kan du

- søkje om leige av idrettsanlegg, banar, lokale, utandørsrom og utstyr. Du kan òg finne treningstid og arrangement, lag og foreiningar
- Som representant for lag og organisasjonar kan du fordele treningstider mellom ulike grupper/lag, det kan søkjast om leigetid av lokale/anlegg, og du får oversyn over lokale som er ledige.

Administrasjonsdelen i Aktiv kommune er berre tilgjengeleg for tilsette i kommunen som bruker løysinga, dvs. sakshandsamar, systemansvarleg og utviklar.

Friskus

På samhandlingsplattforma Friskus.com kan du halda deg oppdatert på kva som skjer i nærleiken, delta på arrangement og frivillige oppdrag, eller organisera eigne arrangement via din organisasjon.

Aktivitetsskalender

Så langt sakshandsamar kjenner til, er det få tilbydarar av slike plattformer. Det kan sjå ut til at Friskus kan dekke deler av dette, det same med Aktiv kommune. Då kommunen vitja Asker kommune i planlegginga av ny kommune, fekk delegasjonen sjå ein slik [kalender](#).

Det må vurderast nærare om ein slik kalender kan vera del t.d. Aktiv kommune, eller om kommunen må utvikla sin eigen.

Oversyn over lag og organisasjonar.

Gjev oversyn over lag og organisasjonar med kontaktinformasjon. Ei slik ordninga har vi delvis gjennom frivilligsentralane. Diverre er det krevjande å halde desse oppdatert, og systematikken er ikkje den beste. Alt for mange lag legg ut personlege mail adresser, der ein heller burde ha eit system for post@lag.no og styreleiar@lag.no.

Rådmannen si vurdering

Kommunen har akkurat vedteke ein digital strategi. Rådmannen vurderer at når det gjeld digitale plattformer retta mot frivillige må det gjennomførast ei utgreiing der det vert vurdert kva plattformer skal det satsast på, korleis desse skal organiserast og kven som skal vera systemansvarleg for dei plattformane som vert vald. Økonomien er òg eit viktig punkt. Det same er kven som skal administrere desse.

3.3.10 Ev. eige stønadsordning for kor og korps som kjøper dirigentteneste gjennom Sogn kulturskule

Denne saka har kome opp parallelt med arbeid denne plattforma. Slik var ikkje punktet omtalt i høyringsutkastet.

I dag har kommunen ei ordning der dirigentar til fleire kor og korps vert administrert gjennom kulturskulen og der mottakarane betalar kommunen for tenesta. I dag vert det kravd full refusjon av løn og sosiale utgifter, men tidlegare, har nokre av kommunane støtta dirigentkjøp med 20-25 %.

Dei som kjøper dirigent-teneste av oss pr i dag er:

Leikanger skulemusikk, Leikanger Mannskor, Systrond damekor, Sogndal skulemusikk, Sogndal musikklag, Sogndal Songlag.

Rektor i kulturskolen Roar Sandnes skreiv dette i februar 27.02.2020

Eg ser det er behov for ein gjennomgang av vilkåra for kor og korps som kjøper dirigent hjå kulturskolen. Det har vore ulike system i kommunane, og dette bør vera likt i nyekommunen.

Tidlegare hadde alle kommunane ei sponsing av dirigentkjøp me 20-25%. Leikanger praktiserte dette fram til årsskiftet, medan Sogndal og Luster salderte denne støtta for nokre år sidan og har kravd full refusjon av løn og sosiale utgifter. I Balestrand har dei ikkje hatt kjøparar av dirigenttenester dei siste åra.

Når kan me få sett på dette, og i kva organ skal det handsamast?

Seinare vart dette konkretisert slik i budsjettprosessen, mail 02.03.3030:

I nokon av dei gamle kommunane har kor og korps betalt full refusjon av løn og sosiale tenester, medan enkelte kommunar tok ein del av rekinga som eit kulturtilskot til kor og korps. Sogndal kommune bør vurderer ei ordning der lag som kjøper profesjonell instruksjon får støtte til dette. Dette vil vera ein god måte å stimulera det frivillige musikklivet i kommunen. Ei kommunal sponsing på 20% vil kosta om lag kr. 120.000 med dagens aktivitetsnivå.

M.a. Sogndal skulemusikklag har teke dette opp i mail 4. januar 2021, der dei fortel at dei ikkje maktar å betala for denne tenesta.

Rådmannen vil som det står i framlegg til vedtak utgreie ei ev. stønadsordning for kor og korps som leiger dirigentteneste gjennom Sogn kulturskule.

Økonomi- og budsjettkonsekvensar

Fleire av tiltaka har økonomiske konsekvensar.

Rettslege konsekvensar

Ikkje relevant.

Personalpolitiske konsekvensar

Saka har mange oppfølgingspunkt. Fleire krev utgreingar. Dette kan føre til at svar på dei ulike punkta kan ta noko tid.

Plankonsekvensar

Klima- og miljøkonsekvensar

HMT

Andre konsekvensar: integrering, mangfald, likestilling, universell utforming e.l

4. Konklusjon

Kommunen får gjennom vedtak i denne saka ein frivilligpolitisk plattform der rammene får samarbeid med frivillig sektor vert fastsett. Dette etter eit grundig arbeid frå eit politisk utval, og med brei involvering få mange lag og organisasjonar.

Eit sentralt punkt i plattformen er tiltaksplanen. Den skal oppdaterast årleg, etter at lag og organisasjonar har kome med innspel til komande økonomiplan og budsjett.